

Har handla bosbøtte som samlar inn på eiga hand

+ Hamnestellet i Stord har fått eit nytt våpen i kampen mot bos.

17.03.2018 kl 15:00



Marius Knutsen
Tlf: 480 03 934

Sidan måndag har ein ny doning fått plass i sjøen like ved Thiisafabrikken i hamna i Leirvik.

– Dette er rett og slett ein søppelfangar, seier hamnesjef Inge Espenes.

Stord hamnstell har nyleg investert 50.000 kroner i bosbøtta. «PortBin» er kopla til straum og syt sjølv for at bos som flyt rundt i hamnebassenget hamner i bosbøtta.

Ikkje stor plage

– Me er ikkje veldig plaga med mykje bos i hamna. Men spesielt om sommaren, når hamna er full, hamnar ein del bos ut i sjøen. Med denne søppelfangaren håpar me at boset hamnar på rett plass, seier Espenes.

Stord hamnstell har også vore i kontakt med andre stader som har kjøpt ei liknande bosbøtte.

– Erfaringane frå dei andre er gode. Det verkar som om bosbøtta gjer jobben sin på ein god måte, seier Espenes.

Prøveperiode

Når plastbøtta på søppelfangaren er full, må den tømmast manuelt. Om bosbøtta viser seg å vera verdt pengane, ser ikkje Espenes vekk ifrå at dei kan komma til å investera i fleire.

– No skal me prøva denne her i år. Me er jo ikkje sikre på om det er noko for oss. Me er heller ikkje sikre på om denne plasseringa er riktig. Målet er uansett at dette skal bidra til ei reinare og flottare hamn, seier hamnesjefen.



ENKEL Å BRUKA: Inge Espenes har nett tømt boset som har samla seg i bøtta. Her kastar han bøtta ned i sjøen igjen. (Foto: MARIUS KNUTSEN)

LES OGSÅ



Til verks mot marin forsøpling

På plass i Bergen

«Port Bin» er allereie på plass i fleire norske hamner. Både Sandefjord, Bærum, Kristiansand og Bergen er blant kommunane som har investert i bosbøttene.

Bosbøtta er utvikla av den Sandefjord-baserte verksemda Spill Tech.